



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato:
07.06.2019

Vår ref:
2019/11350

Dykkar dato:
21.05.2019

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352
Silje Tingstad, 5557 2031

Uttale til offentleg ettersyn av temaplan for kommunal infrastruktur - vatn avløp og veg 2019 – 2025 i Lindås kommune

Vi viser til oversending frå kommunen den 21.05.2019. Saka gjeld høyring og offentleg ettersyn av temaplan for vatn, avløp og veg.

Kommunen skriv i planen at fortetting av busetnad har ført til at området Knarvik-Hilland Vest er ein tettstad med utslepp av kommunalt avløpsvatn tilsvarande meir enn 10 000 personekvivalentar (pe). Det medfører at Fylkesmannen er styresmakt for alle utslepp over 50 pe i tettstaden, jf. forureiningsforskrifta kapittel 14. Reinsekravet for utslepp er sekundærreinsing, men Fylkesmannen kan gi unntak frå sekundærreinsekravet dersom kommunen kan dokumentere at utslepp etter primærreinsing ikkje er til skade for miljøet. Resipientundersøkingar må vere gjennomført i samsvar med til ein kvar tid gjeldande rettleiar frå Miljødirektoratet. For tida gjeld *Resipientundersøkelser i fjorder og kystfarvann: EUs avløpsdirektiv, TA-1890 (oppdatert i 2005)*. Det er venta at den vil bli revidert.

Resipientundersøkingar har vist at Osterfjorden har best resipienttilhøve i området, og ein nytt reinseanlegg bør ligge på Kvassneset. I dag har tettstaden elleve utslepp av avløpsvatn, der eitt stort utslepp går ureinsa i Osterfjorden. Utbygging av nytt reinseanlegg vil sanere dagens utslepp i området. Befolkningsframskriving viser at folketalet i Lindås vil auke ytterlegare, særleg i Knarvik/Alversund. Det er derfor viktig at eit nytt avløpsreinseanlegg vert dimensjonert for å handtere auke i folketalet. Det er positivt at planen inneheld klimaendringar som eige tema. Auka nedbør som følgje av eit endra klima må også vere vurdert ved dimensjonering av avløpsanlegg og leidningsnett. Det er lagt opp til at anlegget ved Kvassneset skal stette primærreinsekravet, men eit anlegg må bli tilrettelagt for framtidig sekundærreinsing.

Det går fram av planen at området Knarvik-Hilland Vest allereie i 2013 var ein tettstad med berekna avløpsproduksjon tilsvarande om lag 10 400 personekvivalentar. Det går fram av framlegget til temaplanen at det sidan 2013 har skjedd tilflytting til området og kommuneplan og Knarvikplanen legg opp til vidare fortetting. Kommunen må derfor snarast søke Fylkesmannen om løyve til utslepp av kommunalt avløpsvatn i tettstaden i samsvar med kapittel 14 i forureiningsforskrifta.

Søknadsskjema ligg på nettsida vår under: Finn skjema og tenester → Miljø og klima → Utsleppsløyve - søknadsskjema. Løyve frå Fylkesmannen vil i tillegg til nye reinsekrav og krav til leidningsnettet, innehalde krav om overvakning av resipienten i samsvar med vassforskrifta.



Vi viser elles til at fleire tiltak som denne planen legg opp til, vil kunne trenge avklaring etter plan og bygningsloven. Dette gjeld til dømes tiltak i LNF- område og i strandsona i kommuneplanen si arealdel. Vi legg til grunn at kommunen handsamar dette etter reglane i plan og bygningslova.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent